



# Prop. 121 L

(2021–2022)

Proposisjon til Stortinget (forslag til lovvedtak)

## Endringar i lovgjevinga som følgje av innføring av ny kjønnsnøytral tittel på Sivilombodsmannen

*Tilråding frå Justis- og beredskapsdepartementet 3. juni 2022,  
godkjend i statsråd same dagen.  
(Regjeringa Støre)*

### 1 Hovudinnhaldet i proposisjonen

Justis- og beredskapsdepartementet legg med dette fram eit framlegg til endringar i lovgjevinga som følgje av at tittelen «sivilombodsmann» har vorte endra til det kjønnsnøytrale «sivilombod». Framlegget omfattar endringar frå namnet «sivilombudsmann», «ombudsmann» og ulike varianter av dette til det nye «sivilombudet», «ombudet» osv. i 11 lover. Det nye namnet gjeld både for stillinga og verksemda. I tillegg blir dei generelle nemningane «ombudsmann» og «ombudsmenn» føreslege endra til «ombud» i tre lover.

Endringane er av teknisk karakter og kjem som ei følgje av at namnet på verksemda Sivilombodsmannen har vorte endra til Sivilombodet (med stor s) og stillinga sivilombodsmannen til sivilombodet (med liten s). Etter framlegget blir nemningane «Stortingets ombudsmann for forvaltningen», «Stortingets ombudsmann for forvaltninga», «Sivilombudsmannen» og «Sivilombodsmannen» endra til «Sivilombudet» på bokmål og «Sivilombodet» på nynorsk. Der det er tale om stillinga, skal det heite «sivilombudet» eller «sivilombodet». Det blir føreslege tilsvarende endringar der variantar som «ombudsmann», «ombudsmannens», «ombudsmann» og liknande er brukt. Framlegget inneber ingen materielle endringar.

Departementet føreslår at endringslova skal ta til å gjelde straks.

### 2 Bakgrunnen for lovforslaget

#### 2.1 Avgjerd om kjønnsnøytral tittel

Det har vorte bestemt at kjønnsnesifikke yrkestittlar skal endrast til kjønnsnøytrale titlar i alle statlege verksemdar. Verksemda Sivilombodsmannen (på bokmål Sivilombudsmannen) har på bakgrunn av dette vorte endra til det kjønnsnøytrale Sivilombodet (på bokmål Sivilombodet). Den personlege tittelen «sivilombodsmannen» (eller «sivilombudsmannen»), som skal skrivast med liten førebokstav, har vorte endra tilsvarende.

Stortinget vedtok 25. mai 2019 å setja ned eit utval til å utgreie Stortinget sine kontrollfunksjonar (Harberg-utvalet). Rapporten frå utvalet kom 1. februar 2021, jf. Dokument 21 (2020–2021). I kapittel 10 i rapporten vart det fremja framlegg til ny lov om Sivilombodet.

Resultatet vart lov 18. juni 2021 nr. 121 om Stortingets ombud for kontroll med forvaltningen (sivilombudsloven), etter at Stortinget vedtok lova 18. og 25. mai 2021, jf. Innst. 409 L (2020–2021) og Lovvedtak 106 (2020–2021). Lova tok til å gjelde 1. juli 2021, og lov 22. juni 1962 nr. 8 om Stortingets ombudsmann for forvaltningen (sivilombudsmannsloven) vart samstundes oppheva.

Stortinget vedtok vidare å be regjeringa fremje framlegg om naudsynte endringar i anna lovgjeving som følgje av ny sivilombudslov, jf. vedtak

928 i same sak. Lovframlegget i denne proposisjonen følgjer opp dette vedtaket frå Stortinget.

Spørsmålet om innføring av kjønnsnøytral tittel på Sivilombodsmannen har vorte diskutert i Stortinget fleire gonger. Mindretalet i Scheitvalet, som i 1977 vart sett ned av presidentskapet i Stortinget for å greie ut endringar i ordninga med Stortingets ombodsmann for forvaltningen, føreslo i 1978 at namnet skulle endrast til «Sivilombodet» («Sivilombudet»). Eit liknande framlegg vart òg fremja i april 2019, men nedstemt.

## 2.2 Høyring

Framlegget om ny lov om Sivilombodet og om endring av tittelen vart sendt på høyring hausten 2020. Framlegget til tittel vart kommentert av fleire høyringsinstansar. *Likestillings- og diskrimineringsombodet (LDO)*, *Barneombodet* og *departementa* (felles høyringsfråsegn frå departementa og ein del andre statlege organ) føreslo «Stortingets ombud for kontroll med forvaltningen» som alternativ langttittel. Utvalet endra framlegget sitt i tråd med dette. LDO og Barneombodet føreslo vidare korttittelen «Forvaltningsombudet». Korttittelen «Sivilombudet» (med nynorskvarianten «Sivilombodet») vart derimot vidareført.

Lovframlegget som blir fremja i denne proposisjonen, har ikkje vore på alminneleg høyring. Framlegget omfattar ingen materielle endringar, og det følgjer berre opp vedtaket i Stortinget og det som alt er vedteke i sivilombodslova. Departementet vurderer det difor som openbart ikkje naudsynt med ei separat høyring i denne saka, og viser til utgreiingsinstruksen punkt 3-3 andre ledd tredje kulepunkt.

## 3 Forslag til endringar i lovverket

Det er vist til «Sivilombudsmannen», «Sivilombodsmannen», «ombudsmannen» og andre varianter av dette i til saman 13 lover. Etter framlegget her blir desse tilvisingane endra til dei kjønnsnøytrale nemningane «Sivilombudet», «Sivilombodet», «ombudet» osv.

Sivilombodet er både namnet på verksemda og tittelen på personen som er personleg oppnemnt av Stortinget som sivilombod. Det skal brukast høvesvis stor og liten førebokstav for å få fram skiljet mellom verksemda og stillinga. I gjeldande lovverk er det ikkje heilt konsekvent språkbruk

her, og dette bør no bli gjennomført på rett måte. Dei stadene det i dag står «sivilombodsmannen» eller tilsvarande med liten s, og det blir sikta til verksemda, blir dette difor føreslege endra til «Sivilombodet» eller tilsvarande med stor s, og det motsette gjeld dersom det er tale om personen.

Departementet føreslår elles å bruke den offisielle kortforma på ombodet gjennomgåande i lovverket, slik at både variantane «Stortingets ombodsmann for forvaltninga» og «Sivilombodsmannen» (og dei tilsvarande namna på bokmål) blir endra til «Sivilombodet» eller «Sivilombudet» der meininga er å vise til verksemda, og til «sivilombodet» eller «sivilombudet» der det er meint personen som er oppnemnt som sivilombod.

I yrkesskadesforsikringslova § 2 bokstav b er formuleringa «ombudsmann i offentlig virksomhet» brukt i samband med kven som skal reknast som «arbeidstaker» etter loven. Denne formuleringa viser, i tillegg til Sivilombodsmannen, til stillingar som Ombudsmannen for Forsvaret, men òg denne tittelen er no endra til «ombud», jf. lov 18. juni 2021 nr. 115 om Stortingets ombudsnemnd for Forsvaret § 7 fyrste ledd. Departementet føreslår at «ombudsmann» her blir endra til «ombud».

Statstilsettelova § 1 fjerde ledd seier at ein del føresegner i lova ikkje gjeld for mellom anna «Stortingets ombudsmenn». Ordet «ombudsmenn» blir her føreslege endra til «ombud».

I beredskapslova § 6 fyrste ledd fjerde punktum heiter det at sivile tenestemenn og «ombudsmenn i stat og kommune» skal gje dei militære styresmaktene den hjelpa som blir kravd. Departementet føreslår at «ombudsmenn» òg her blir endra til «ombud».

Lov 6. mai 1966 om pensjonsordning for Stortingets ombudsmann for forvaltningen blir ikkje føreslege endra. Denne lova gjeld etter § 1 berre for dei som har vorte utnemnt til stillinga som Stortingets ombudsmann for forvaltninga (sivilombodsmannen) før 1. januar 2011, og ho får difor ikkje verknad for nokon som har hatt tittelen «sivilombod». Det er i dag berre éin attlevande person som har vore utnemnt som sivilombodsmann før 1. januar 2011, og vedkomande hadde tittelen «ombudsmann» i heile verketida si. Det blir difor ikkje rett å endre nemninga «ombudsmann» osv. til «ombod» i denne lova.

Departementet tilrår at lova tek til å gjelde straks. Lovendringane har ingen materielle konsekvensar, og det er difor ingen grunn til å vente med iverksetjinga.

#### 4 Økonomiske og administrative konsekvensar

---

Endringa av namnet og tittelen Sivilombodsmannen osv. til Sivilombodet medfører kostnader for staten i samband med endringar av administrative system og fagsystem, nye logoar og skilt og endringar eller utskifting av utstyr og materiell hjå Sivilombodet. Det meste av dette er alt gjennomført, eller det vil bli gjennomført, uavhengig av dei føreslegne lovendringane. Lovframlegget i seg selv medfører svært små økonomiske og administrative konsekvensar. Det må gjerast endringar i tilvisingar som ligg inne i malar og liknande, men dette vil bli gjennomført innanfor gjeldande budsjettammer.

#### 5 Merknadar til lovforslaget

---

Formuleringa «Stortingets ombudsmann for forvaltningen» blir føreslege endra til «Sivilombudet» i 11 føresegner fordelte på sju lover. Dette er *forvaltningslova § 4 fjerde ledd og § 42 fyrste ledd tredje punktum, foreldingslova § 16 andre ledd bokstav d og § 21 andre ledd tredje punktum, lov om fri rettshjelp § 16 fyrste ledd nr. 3, lov om psykisk helsevern § 4-5 tredje ledd, helsepersonellova § 71 femte ledd, skatteforvaltningslova § 12-8 bokstav b, § 13-9 andre ledd og § 15-4 tredje ledd fyrste punktum og lov om Likestillings- og diskrimineringsombodet og Diskrimineringsnemnda § 1 femte ledd.*

I *eldreombudslova § 5 andre ledd* er forma «Sivilombudsmannen» brukt i fyrste punktum, og i andre punktum er det vist til «Sivilombudsmannens» uttale. Dette blir føreslege endra til høvesvis «Sivilombudet» og «Sivilombudets».

I *arkivlova § 5* blir den nynorske varianten «Stortingets ombudsmann for forvaltninga» til-

svarande føreslege endra til «Sivilombodet», og i *språklova § 3 andre ledd bokstav d* blir «Sivilombodsmannen» tilsvarande føreslege endra til «Sivilombodet».

I *offentleglova* er det i § 2 tredje ledd brukt «Stortingets ombudsmann for forvaltninga» og i § 32 fyrste ledd sjette punktum «Sivilombodsmannen». Dette blir føreslege endra til «Sivilombodet» begge stadene.

I *foreldingslova § 21 andre ledd tredje punktum* er det, i tillegg til «Stortingets ombudsmann for forvaltningen», vist til «ombudsmannen» og til den tidlegare sivilombodsmannslova. Dette blir føreslege endra til «ombudet» og «sivilombudsloven». I tillegg blir det føreslege nokre språklege endringar i føresegna. Desse har ikkje noko å seia for realitetsinnhaldet.

I *skatteforvaltningslova § 15-4 tredje ledd andre punktum* er det to stader brukt «ombudsmannens», og i *tredje punktum* er det vist til «ombudsammen». Dette blir føreslege endra til høvesvis «ombudets» og «ombudet». I tillegg blir det føreslege nokre mindre språklege justeringar i § 15-4 tredje ledd.

I *yrkesskadesforsikringslova § 2 bokstav b* blir formuleringa «ombudsmann» føreslege til «ombud», og i *statstilsettelova § 1 fjerde ledd og beredskapslova § 6 fyrste ledd fjerde punktum* blir varianten «ombudsmenn» tilsvarande føreslege endra til «ombud».

Justis- og beredskapsdepartementet

tilrår:

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringar i lovgjevinga som følgje av innføring av ny kjønnsnøytral tittel på Sivilombodsmannen.

---

Vi HARALD, Noregs Konge,

stadfester:

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak til lov om endringar i lovgjevinga som følgje av innføring av ny kjønnsnøytral tittel på Sivilombodsmannen i samsvar med eit vedlagt forslag.

---

## Forslag

### til lov om endringar i lovgjevinga som følgje av innføring av ny kjønnsnøytral tittel på Sivilombodsmannen

#### I

I følgjande lovføresegner blir «Stortingets ombudsmann for forvaltningen» endra til «Sivilombudet»:

1. Lov 10. februar 1967 om behandlingsmåten i forvaltningssaker:  
§ 4 fjerde ledd og § 42 fyrste ledd tredje punktum

2. Lov 18. mai 1979 nr. 18 om foreldelse av fordringer:  
§ 16 andre ledd bokstav d

3. Lov 13. juni 1980 nr. 35 om fri rettshjelp:  
§ 16 fyrste ledd nr. 3

4. Lov 2. juli 1999 nr. 62 om etablering og gjennomføring av psykisk helsevern:  
§ 4-5 tredje ledd

5. Lov 2. juli 1999 nr. 64 om helsepersonell m.v.:  
§ 71 femte ledd

6. Lov 16. juni 2017 nr. 50 om Likestillings- og diskrimineringsombudet og Diskrimineringsnemnda:  
§ 1 femte ledd

#### II

I lov 15. desember 1950 nr. 7 om særlige rådgjerder under krig, krigsfare og liknende forhold skal § 6 fyrste ledd fjerde punktum lyde:  
Sivile tjenestemenn og *ombud* i stat og kommune skal gi de militære myndigheter den hjelp som forlanges.

#### III

I lov 18. mai 1979 nr. 18 om foreldelse av fordringer skal § 21 andre ledd tredje punktum lyde:  
Det samme gjelder tvist om krav mot den offentlige forvaltning som bringes inn for *Sivilombudet*, dersom *ombudet* gir uttrykk for et standpunkt som nevnt i *sivilombudsloven* § 12 fyrste ledd og ber forvaltningsorganet behandle saken på *nytt*.

#### III

I lov 16. juni 1989 nr. 65 om yrkesskadeforsikring skal § 2 bokstav b lyde:  
b. arbeidstaker: enhver som gjør arbeid eller utfører verv i arbeidsgiverens tjeneste, *også ombud* i offentlig virksomhet, tjenestepiktige i Forsvaret og andre under pålagt tjenestegjøring for det offentlige, samt innsatte, pasienter e.l. som deltar i arbeidsvirksomhet i kriminalomsorgens anstalter, i helseinstitusjoner e.l.

#### IV

I lov 4. desember 1992 nr. 126 om arkiv skal § 5 lyde:

##### § 5 Verkeområde

Føresegnene i dette *kapitlet* gjeld for alle offentlege organ med unnatak for Stortinget, Riksrevisjonen, *Sivilombudet* og andre organ for Stortinget.

#### V

I lov 19. mai 2006 om rett til innsyn i dokument i offentlig verksemd blir det gjort følgjande endringar:

§ 2 tredje ledd skal lyde:

Lova gjeld ikkje for Stortinget, Riksrevisjonen, *Sivilombudet* og andre organ for Stortinget.

§ 32 første ledd sjette punktum skal lyde:

Når det blir klagt på ei avgjerd frå eit departement, skal departementet opplyse klagaren om at retten til å klage til *Sivilombudet* ikkje gjeld for avgjerder gjorde av Kongen i statsråd.

## VI

I lov 27. mai 2016 nr. 14 om skatteforvaltning blir det gjort følgjande endringar:

§ 12-8 bokstav b skal lyde:

b) som følge av *en* uttalelse fra *Sivilombudet* i *en* sak der den skattepliktige er part

§ 13-9 andre ledd skal lyde:

(2) En klagenemnd kan, uavhengig av fristene i kapittel 12, endre sin skattefastsetting som følge av en uttalelse fra *Sivilombudet* i *en* sak der den skattepliktige er part.

§ 15-4 tredje ledd skal lyde:

(3) Søksmålsfristen avbrytes dersom det omtvistede spørsmålet klages inn for *Sivilombudet*. Ny søksmålsfrist på seks måneder løper fra *ombudets* melding om avsluttet behandling er kommet fram til den skattepliktige, eller fra den skattepliktige blir varslet om myndighetenes svar på *ombudets* anmodning om fornyet behandling. Søksmålsfristen etter første ledd avbrytes likevel ikke dersom klagen ikke fører til realitetsavgjørelse hos *ombudet*, og dette skyldes *et* forsettlig forhold fra den skattepliktiges side.

## VII

I lov 16. juni 2017 nr. 67 om statens ansatte mv. skal § 1 fjerde ledd lyde:

Reglene i §§ 4 til 7, § 11 tredje ledd og § 24 gjelder ikke for ansatte i Stortinget, andre organer under Stortinget, hos Stortingets *ombud* eller i Sametinget.

## VIII

I lov 19. juni 2020 om Eldreombudet skal § 5 andre ledd lyde:

Eldreombudet skal ikke uttale seg om lovligheten av et forhold når *Sivilombudet* har avgitt uttalelse, forholdet er avgjort av eller brakt inn for domstolene til avgjørelse, eller det er under politiettersforskning, og noen er mistenkt eller siktet i saken. Eldreombudet kan likevel omtale den faktiske og rettslige tilstanden som *Sivilombudets* uttalelse, politiets etterforskning eller domstolenes avgjørelse avdekker.

## IX

I lov 21. mai 2021 om språk skal § 3 andre ledd bokstav d lyde:

d. Stortinget, Riksrevisjonen, *Sivilombudet* og andre organ for Stortinget

## X

Lova tek til å gjelde straks.

---

---





